

RAD # 5

OVERGANGEN

BEK

TOLGA BALCI
LONA HANSEN
LASSE ÅRIKSTAD
STEINAR BØYUM
PIYA WANTHIANG
KRISTIN TAARNESVIK
MARI KVIEN BRUNVOLL
ESPEN SOMMER EIDE
ANNE MARTHE DYVI

Torsdag 6.juni 2013 kl 19.00, Stranges Stiftelse, Klostergaten 28,
Bergen senter for elektronisk kunst / bek.no

Samling og system

Steinar Bøyum

Rad#5, 6.6.2013

Intro

For to år sidan var eg med på å opne Rad#1 med å snakke om seriar, rekker og rader. Eg skilde då mellom seriar og system. Medan ein serie er fleire enkeltstående element sett side om side, så er eit system ei hierarkisk ordning av verda i over- og underbegrep. I kveld skal det handle om system.

Klassifikasjonssystem fins overalt, og har alltid gjort det. Det er sentralt både i dagleglivet og i vitskapen. Det meste av det me gjer, enten det er å gå på butikken eller å gå til legen, blir styrt av begrepssystem. Men det er umulig å snakke om alt, i alle fall på eit kvarter. Eg skal difor avgrense meg til å sjå på ein type system som er plassert *mellom* dagleglivet og vitskapen sine klassifikasjonssystem, nemleg *samling*.

Eg veit ikkje om folk i dag samlar like mykje som før, i alle fall trur eg ikkje barn i dag samlar like mykje som barn gjorde før, men alle som har samla på noko, kjenner den karakteristiske kjærleiken mellom samlar og samling. Ein ser på samlinga si, ein ryddar i ho, tek frå kvarandre og set saman igjen. Fingrane som kjærteiknar tinga. Høgtida når ein legg til noko nytt. Jakta, fangsten, og vegen heim. På alt dette kan ein kjenne systematismens glede.

Walter Benjamin

Eg skal ta utgangspunkt i den tyske filosofen og altmuligmannen Walter Benjamin, som skreiv nokre av dei vakraste tekstane som er skreve om samling og samlarar.

Benjamin var sjølv ein samlar. Spesialiteten hans var gamle, illustrerte barnebøker. Sidan dette var ein dyr hobby, og Benjamin var det som me i dag ville kalla «freelancer», var han kronisk fattig. I eit av essaya sine fortel han side opp og side ned om spenninga på ein auksjon, der han med utspekulert strategi klarte å få fatt i

ei sjeldan utgåve av Balzac's roman *Peau de chagrin*, frå 1838. Men han rundar av med ein lakonisk ettertanke: «Den påfølgende morgenens tur til pantelåneren er ikke lenger en del av denne historien, og jeg foretrekker å snakke om noe annet».

Benjamin var ikkje berre ein samlar, han var også ein vandrar. Han budde sjeldan lenge på same stad. Ein samlar som vandra - det kan verke som eit paradoks. Kvar skulle han ha samlinga? Ho vart kontinuerleg ettersendt, til Riga, til Napoli, til Moskva, til Paris. Eit av hans essay om samling tek til slik:

«Jeg pakker ut mitt bibliotek. Ja, det gjør jeg».

Benjamin arresterer her samlaren i ei gråson. Augneblinken når han blir gjenforeint med samlinga si. Bøker som ikkje har sett lys på fleire år. Kassene er opna, lufta blir fylt av støv og lukta av papir. Der er den, og der er den igjen og den der hadde eg gløymd. Han set bøkene på plass i hylla. Etter alfabet? Etter sjanger? Etter årstal? Timane går, han er forsvunne i samlinga si verd.

Men sjølv om ei samling krev ein heim, er samling også knytt til det å reise. Ein samlar når ein vandrar. Ein kjem til ein ny by, ein oppdagar ein ny butikk eller ein ny dal, ein går på jakt ... og sjå ... førsteutgåva av Hamsuns *Mysterier* ... det misfarga 2-øresmerket frå 1877 ... ein nymphalini ... ein celastrina perplexa ... og så vidare.

Benjamin var ikkje berre ein samlar som vandra. Han var også ein marxist som skreiv dei vakraste ting om magien ved det å *eige*. Den same ambivalensen finn ein i alt Benjamin skreiv. På den ene sida er samlaren arketypen på den fetisjeringa av ting som kjenneteiknar moderne kapitalisme: Samlaren underkastar seg det «sexappealen» til det materielle (og det var Benjamins ord, ikkje mine). Samtidig kjempar han mot kommodifiseringa, mot tendensen til å gjere alt om til masseproduserte *varer*. Slik representerer samlaren motstanden mot eit samfunn der kvar ting kan byttast ut mot ein annan. I samlinga blir kvar enkelt ting uerstatteleg, med sin eigen identitet og historie. Ved å plassere tingen i systemet sitt

plasserer samlaren tingen i ein tryllesirkel, der tingen får tilbake den auraen som masseproduksjonen har øydelagt.

Samlingas metafysikk

Den første samlaren var Noah, mannen med arken. La meg sitere Gud:

Da sa Gud til Noah: Jeg har satt mig fore å gjøre ende på alt kjød, for de har fylt jorden med urett; og nu vil jeg ødelegge både dem og jorden. Jeg vil la en vannflom komme over jorden til å ødelegge alt kjød under himmelen som det er livsånde i; alt som er på jorden, skal omkomme. Men jeg vil oprette min pakt med dig, og du skal gå inn i arken, du og dine sønner og din hustru og dine sønners hustruer med dig. Og av alt som lever, av alt kjød, skal du ta et par av hvert slag med inn i arken for å holde dem i live med dig; han og hun skal det være. Av alle slags fugler og av alle slags fe og av alle slags kryp på jorden skal par for par komme inn til dig for å holdes i live.

Alle ekte samlarar kjenner seg som Noha. «Ta vare på denne», lyder kallet til samlaren. Han har fått i oppgåve å redde eksemplara frå ei verd av kaos, øydelegging og død.

Det viktige for samlaren er at tingen *er* der, i samlinga. Å lese boka, å sjå filmen, å bruke tingen, er irrelevant. Ein kan til og med hevde at det er denne typen samlar som har den djupaste innsikta i samlinga si metafysiske oppgåve. I livet elles er det vesentleg at tingen verkar slik han skal. Men når ein samlar, blir tingen «løsrevet fra nyttens åk». Og når tingen mister sin nytte, seier Benjamin, mister han ikkje sin natur. Tvert imot. Først då blir han seg sjølv. Å innlemme ein ny ting i systemet er difor ikkje å fange tingen og sette han i fengsel, men å sleppe han fri.

For samlaren har kvar enkelt ting sin historie, sin skjebne. Denne historia er dels personleg: Kvar tingen vart kjøpt, når han vart skaffa, kven ein var saman med, kvar ein budde, korleis ein hadde det då osv. Dels er historia objektiv: kvar vart tingen laga, korleis vart han til, kva kjenneteiknar han, kva plass har han i systemet osv.

Alt dette samlar seg i kvar ting, og gjer samlinga til eit arkiv av minner. Minna som flommar over samlaren når han kontemplerer samlinga si.

Dette er ikkje berre noko samlaren *veit*. Han ser, han høyrer, han kjenner det. Benjamin skriv om samlaren sine taktile instinkt. Når han rører ved, tek på og kjenner på tinga i samlinga si, er det som om han ikkje berre ser *på* dei, men *inn* i dei. Difor kan blikket til samlaren liknast med det fysiognomiske blikket. For fysiognomikaren er enkeltmennesket si sjel, karakter og historie synleg i ansikt, auge og smil. På same måte kan samlaren sanse tinga si sjel, karakter og historie. Det gjer han til ein lesar av tingverda sin fysiognomi.

Barn, seier Benjamin, kan fornye tinga sin eksistens på eit utal måtar: male dei, pynte dei, gi dei nye namn. Det er det same djupe ønsket om å fornye verda som driv samlaren. Han gir tinga nytt liv, så dei vert født på ny. Når ein finn eit nytt objekt, enten det er ei bok eller eit glas eller ein sommarfugl, finn ein det liksom einsam og forlatt, skilt frå dei som det høyrer saman med, resten av samlinga. For samlaren høyrer nemleg tinga heime i samlinga. Borte frå han, er dei heimlause. Derfor ser samlaren seg som ein redningsmann, som Noah.

Samlingas vekst og fall

Det eg har snakka om til no, vil snart berre vere vage minner. Allereie når Benjamin skriv sine essay, nærmar samlaren sin epoke seg slutten.

Storheitstida til samlinga begynte med renessansen på 14- og 1500-talet, med ny rikdom og ny interesse for den naturlege verda. Kongar, fyrstar og hertugar sendte agentar ut i verda for å samle. Kvar adelsmann hadde si private samling. Den naturvitskapelege samlaren samla plantar, sommarfuglar og utstoppa dyr. Den kunstinteresserte samla maleri, møblar og teppe. Den lærde samla bøker, manuskript og apparat. Og dei største samlarane samla på alt.

Mange av desse samlingane var komplett usystematiske. Ein samla på det bisarre og eksotiske. Jo meir kuriøst, jo betre. Skjell, fingrar, drageskjelett, relikviar,

fragment av havfruer, eksotiske frukter, sjeldne bøker, krokodillar, afrikanske instrument, giftige plantar, til og med nordiske ski. Forskjellen mellom kunstsamling, skrekk-kabinett og apotek vart viska ut. Samlingane var som svarte hol, som saug til seg alt som var rart.

Ut på 1700-talet tok systematikken over for rein mengde. Ein gjekk frå seriar til system. Samlarane organiserte og klassifiserte galskapen, og det normale vart meir interessant enn det abnormale. Først samlar ein inn mest mulig av det verda har å tilby, så er tida inne for å rydde og sette på plass, i grupper, klassar og system. Samling og vitskap har alltid vore to sider av same sak.

Den svenske biologen Carl von Linne sin plantesamling blir no idealet. For ein florentinsk prins 200 år før må samlinga til Linne ha vore usannsynleg kjedeleg: Berre dølle plantar, ingen havfruer eller hovudskallar. Det einaste pirrande var at seksualorgana til plantane vart brukte som klassifikasjonsprinsipp. Men i motsetning til i raritetskammera, var plantane i Linne si samling ordna i eit nær perfekt system, som beviste at naturen var intelligent organisert, ikkje eit kaotisk virvar.

Men akk, det viste seg at verda var meir komplisert enn ein hadde trudd. Det fins 15 000 artar av mose - ikkje lett for ein stakkars mosesamlar å rekke over noko slikt. Det heile vart for mykje for den einsame samlar. Tidlegare var nemleg den vitskapelege samlinga, den som søkjer ny kunnskap gjennom systematisk klassifikasjon, individuell. Det var ein fyr her som fanga sommarfuglar, og ein fyr der som gjekk rundt og plukka blomar. Forskjellen mellom vitskapeleg samling og frimerkesamling var forsvinnande liten. I dag er denne typen samling blitt eit kollektivt anliggende, overteke av museum og vitskapelege selskap. Alt som står igjen for den glade amatør, er å samle kulepennar og ølbrikker. Samlaren blir sakte men sikkert omgjort til ein perifer nerd. Han tilhøyrer ikkje lenger vitskapens avantgarde, men lokalavisa sine underhaldningssider.

Ein skulle tru at internett har gjort det lettare å samle. I røynda har det blitt vanskelegare. Når ein kan få tak i alt, kan ein ikkje samle.

Far min var ein ivrig frimerkesamlar i sine yngre dagar. Hans samling av norske merker var nesten komplett, men han fekk ikkje tak i dei siste 20 merkene eller så og samlinga hamna i eit skap, der ho har vore i mange år. Men no har far min oppdaga alt det vedunderlege som fins på internett, og sist eg var heime kunne han fortelje at no skulle han bestille dei siste 20 merkene. Det var gjort på 5 minutt, det var berre å krysse av nokre boksar, trykke på check-out, og fylle ut kredittkortnummeret. Fantastisk! Men eg klarte ikkje å dele entusiasmen hans. «Dette er jo ikkje å samle!», sa eg. Han såg rart på meg. Målet hans var jo den komplette samlinga, og no kunne han få det, lett som ingenting. Men var ikkje målet sjølve samlinga, sjølve strevet? På ingen måte, sa han, strevet skulle han gjerne vore uten.

Men eg gir meg ikkje. Heile dette innlegget er mitt svar til han - eit slags forsinka fadermord. Å klikke rundt på iwannabustamps.com er ikkje å samle. Rett skal vere rett, også Walter Benjamin bestilte bøker frå katalogar. Men dette var katalogar utgjeve av kvar enkelt forhandlar eller forlag, og sjølv katalogane kunne vere vanskelege å finne og få tak i. Når alt er lett tilgjengeleg, er samlaren si verd borte. I dag kan ein berre samle på det som flyr under radaren til internett, det som er så merkeleg, så unnselig, eller så lokalt, at internett ikkje fangar det opp. «0 treff på Google», lyder samlaren sitt nye kall.

Samling av menneske

Klassifikasjonssystem er ein type samling, og samling på menneske har alltid vore viktig. Kuriositetskabinetta i den første delen av samlinga si historie, kunne innehalde alt mulig, men det er slåande kor mange som samla på menneskeleg materiale: hovudskallar, gallestein, dvergskjelett og utstoppingar.

Vegen var kort til legestandens samling på sjukdommar. Også dette var heilt fram til 1900-talet eit individuelt foretak. Det var enkeltlegar som leitte og fann nye

sjukdommar, nye abnormalitetar, og fekk desse kalla opp etter seg. Hans Asperger. Alois Alzheimer. John Down. På liknande vis samla psykiatrane på bisarre lidingar, i ein aktivitet som ikkje er heilt ulik Dr. Ruysch si berømte 1600-talssamling av deformerte kroppsdelar.

I dag blir sjukdommar klassifisert av store organisasjonar, som samlar og ordnar og ryddar i sjukdommar og teiknar sine system ned i såkalla diagnosemanualar. Den mest kjende psykiatriske varianten blir kalla DSM, og er laga av den amerikanske psykiaterforeningen. DSM har enorm makt, og påverkar diagnostisering over heile verda. Når ei ny utgåve kjem, og for tre veker sidan kom den første på 20 år, vil samlinga av mentale sjukdommar blir reorganisert. Nokre av oss vil då bli psykisk sjuke, eller friske, over natta, utan at ein har endra seg det minste. Det er klassifikasjonssystema si makt.

Ein av diagnosane som har kome til i den nye utgåva av DSM er såkalla «hoarding», eller hamstring. Dette er ein type tvangsliding, kor den sjuke ikkje klarar å la vere å skaffe seg nye ting, og heller ikkje klarar å kaste gamle ting, men må ta vare på alt, slik at tinga til slutt veks ein over hovudet, bokstaveleg talt, og slektningar må grave ein fram når dei kjem på besøk (Det fins ein del slike kontor på Universitetet i Bergen: Det går ein historie om ein professor som rydda kontoret sitt, og fann ein sykkel han ikkje hadde sett på mange år). Men når ein lesar samlinga si historie er det lett å bli slått av likskapen mellom desse symptoma på «hoarding» og dei store sammlarane i renessansens Italia eller barokkens Frankrike. Kanskje det berre er ei lita overdriving å seie at samlaren, ein gong den stolte faneberar for kunst og vitskap, no er forfalle til ein psykiatrisk diagnose. Og då er kanskje sirkelen slutta, all den tid samling i mellomalderen var rekna som ein av dei 7 dødssyndene.